



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Sonja Ramsvik, 55 57 21 56

Vår dato  
17.01.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/14642 520  
Dykkar referanse

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### Rapport - Forvaltningskontroll landbruk - Radøy kommune.

Kontrollert eining	Kontrolldato	Til stades frå kommunen	Til stades frå Fylkesmannen
Radøy kommune	02.12.2016	Kjartan Nyhammer Leier for etat for landbruk. Andreas Granli rådgjevar skog. Fr. Alver kommunalsjef	Rune Mikkelsen – sakshandsamar skogbruk. Sonja Ramsvik - kontrolleiar

#### Formål med kontrollen (Rundskriv 3/12 frå Landbruksdirektoratet.)

Kommunane sine oppgåver knytt til forvaltninga av tilskotta går fram av forskrift/rundskriv for dei ulike ordningane. Dette må sjåast på som instruksar som kommunane er ansvarlig for å følgje. Det er kommunene sin oppfølging av desse instruksane som er gjenstand for FM sin forvaltningskontroll.

#### Grunnlag for kontrollen:

Økonomireglementet i staten stiller krav om kontroll; §15: «overordnet myndighet skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til §14.»

#### Kontrollen omhandler kommunen sin forvaltning av:

- nybygging og ombygging av landbruksvegar
- tilskot til skogkultur
- utbetaling frå skogfond
- tilskot til skogsvegar

#### Gjennomgang av kontrollen:

## **Landbruksvegar**

Generelt:

I perioden 2014 og 2015 hadde Radøy kommune sluttgodkjent 7 landbruksvegar. Alle sakene er kontrollerte. Av dei kontrollerte landbruksvegane med heimel i landbruksvegforskrifta, er 14 stykkar «enkle» landbruksvegar (vegklasse 7 og 8) og 4 stykkar skogsbilvegar (vegklasse 3). Radøy kommune har faste og gode rutinar for handsaming av søknader om bygging av landbruksvegar. All relevant informasjon og dokument er korrekt journalførte. Kommunen har gode landbruksfaglege vurderingar og heimel til korrekt lovverk. Alle søknadene vert sendt på høyring til fylkeskommunen og endeleg vedtak vert sendt Fylkesmannen. Kommunen set vilkår om arbeidsfrist og vurderer alle vegsakene i høve dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 i Lov om naturmangfald.

Funn:

Ingen funn

## **Registrering av landbruksvegar i ØKS**

Generelt:

Radøy kommune har registrert landbruksvegane i ØKS, jf. krav i landbruksvegforskrifta.

Funn:

Ingen funn

## **Tilskot til skogsvegar**

Generelt:

Radøy kommune har i kontrollperioden ført rekneskap for 2 stykker skogsvegar (Tveiten skogsveg og Sæbø skogsveg). Rekneskapet er ført i tråd med gjeldande rutinar for tilskot.

Funn:

Ingen funn

## **Skogfond og tilskot til skogkultur (NMSK)**

Generelt:

Radøy kommune har ført refusjonskrav om skogfond for samla kostnadar på kr. 327.072,- i 2014 og 2015. I perioden er der utbetalt kr 193.457,- som tilskot. Alle sakene er kontrollerte. Kommunen har journalført alle søknadane om utbetaling av skogfond og tilskot, dei er underteikna av skogeigarane samt vedlagt bilag og elektronisk kvittering refusjonskrav. Søknadene er ikkje ført med eige saksnummer kvar for seg, men samla på eit felles saksnummer det einskilde år.

Kvittering for refusjonskrav er sendt skogeigarane (kvitteringane er enkeltvedtak).

Funn:

Radøy kommune har journalført alle søknadene på eit felles saksnummer kvart år. Fylkesmannen oppmodar kommunen å endre arkivpraksisen slik at kvar søknad får eige

saksnummer, i høve offentleg innsyn. Nokre av søknadene og handsaminga er unnateke offentlegheit.

Radøy kommune må endra rutinane for journalføring av sakene om skogfond og tilskot til skogkultur, jf. Lov om offentleg arkiv og Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd.

### **Retningsliner NMSK**

Generelt:

Radøy kommune har for 2014 og 2015 vedteke å følgje tilråding frå Fylkesmannen om tilskotssatsar. Kommunen har ikkje vedteke retningsliner for bruk av midlar til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK). Retningsliner vil vere nyttig for prioritering av dei tildelte midlane.

Funn:

Radøy kommune må utarbeide retningsliner for bruk av midlar til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, jf. Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket § 3.

### **Avslutning**

Fylkesmannen sendte ein førebels rapport etter kontrollen med frist for tilbakemelding innan 12. desember 2016. Vi har ikkje motteke nokon svar frå kommunen og reknar dermed at det ikkje var kommentarar til førebels rapport.

Fylkesmannen ber om at kommunen melder frå at sluttrapporten er motteke og om korleis kommunen vil betre forvaltninga på dei områda der Fylkesmannen peikar på avvik ift. aktuelle forskrifter og rundskriv.

**Vi ber om tilbakemelding på denne rapporten innan 1. februar 2017.01.17**

Med helsing

Åse M Vaag  
Landbruksdirektør

Sonja Ramsvik  
Kontrolleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*